

# Snakkar med dyra

■ Anne Karin er både healer og dyretolk

Med hjelp av telepati kjem ho i kontakt med dyret, og kan fortelje vidare kva som er gale.

På Geilo bur ei dame som har utvikla ei spesiell interesse for å kommunisere med dyr. Dei siste åra har ho skolert seg, og kan no kalle seg *dyretolk*. I tillegg er ho healer både på menneske og dyr.

– Så eg kallar meg dyretolk-healer, fortel Anne Karin Bjørke og stryk med varsam hand over eine hestemulen på garden til Solveig Holter i Kvinnegardslia i Ål. Her har ho vore fleire gonger og hjelpt dyra.

#### Lappen på Kiwi

Solveig Holte fann nemleg ein lapp på oppslagstavla på Kiwi tidleg i vår. Her stod det at Anne Karin gjekk på dyretolk-skule og trengde dyr ho kunne trenne på. Solveig hadde ein hest heime på garden som ho hadde vore hjå dyretolk med før, så ho var open for alternative metodar.

– Eg og dyra her har fått mykke hjelp av Anne Karin, seier Solveig, og fortel om korleis dyretolken frå Geilo mellom anna fekk katten til å fortelja at han ville ha ormekur og kjende på kroppen at eine hesten hennar hadde vondt i eit auge.

– Eg kjende meg sår i auga, som om eg hadde gått i vinterfjellet og vorte snoblind. I tillegg fortalte hesten meg at han grudde seg til dyreleggen skulle kome, fortel Anne Karin. Og dyreleggen hadde skulle dit om kort tid, for å kastrere hesten. Damene smiler. Kastrering var nok litt å grue seg til, det. Solveig nyttet høvet til å spørje dyreleggen om han kunne sjå litt på eine auge til hesten.

– Og der fann han to rifter, seier ho.

#### 300 dyr

Til no har Anne Karin hatt kontakt med om lag 300 dyr.

– Over heile landet. Eg driv med fjerntolking også, fortel ho. Då sender dyreeigarar biletet ava dyret, der ein kan sjå augo.

– Og det må ikkje vere andre levande skapnader på biletet, påpeiker Anne Karin. I tillegg treng ho namn og alder på dyret. Og eigarenens namn.

– Eg treng ikkje meir, seier ho en aning blygt. Ho veit ho driv i ei kontroversiell bransje.

– Men, målet mitt er å hjelpe dyr og menneske til å kommunisere betre, seier ho fast i blikket. Ho har vorte sikker i si sak etter at fleire dyreleggar har påvist skader ho har påpekt på førehand.

– Dyreleggen finn det me kjenner på kroppen.

#### Snakkar med dei

Når ho skal oppnå kontakt med dyra, legg ho eigne tankar til sida og fokuserer på å kjenne etter kva dyra sender ut. Om korleis

dei har det eller om hendingar dei er vorte utsett for.

– Eg spør om å få snakke med dei, fortel Anne Karin og prøver å forklare. Informasjonen kjem fortløpende. Gjennom bilet, automatskrift og kjensler ho får på kroppen. Ho lar dyra fortelje det dei vil.

– Tårer kan trille. Eg kjenner kanskje smerte. Har aldri hatt så mykke vondt i tennene og i bekkenet etter at eg starta jobbe med hest, fortel ho. Ho kan ofte kjenne kor dyret har vondt, men stiller aldri diagnose, det er det dyreleggen som gjør.

– Men, dyreleggar eg ikkje kjenner har sendt dyr til meg når dei ikkje har funne løysing, fortel ho. Ein islandshest på Nesodden var nær avliving før Anne Karin kom inn i biletet. Hesten lever og har det bra i dag. Anne Karin forklarar at ho har opplevd folk som prøver dyretolk og healer som ein siste utveg for dyret sitt – sjølv om dei sjølv er veldig skeptiske.

– Og så er det dei som blir mest overbevist.

#### Morosamt

Dyra ho får kontakt med har og personlegdom. Nokre er gentleman og andre litt fine på det. Anne Karin ler. Ho tykkjer det er utruleg givande det ho har starta med og noko ho har ønskt å gjøre heile livet.

– Eg har vore verneingeniør og jobba med helse, miljø og sikkerheit i eit firma i Oslo i 20 år, fortel ho. Det var etter at ho flytta heim til Geilo at ho starta som dyretolk.

– Ingen dyr er jo vonde. Det er fordi me ikkje klarar å tyde språket deira at problem oppstår. Ofte har dei vondt ein stad, seier Anne Karin.

– Eg tykkjer det er kjempespennande og har unngått dyrelegeutgifter. Eit supert alternativ. Ofte er Anne Karin flinkare til å «lese» dyra enn dyreleggen, meiner Solveig.

– I den stressa kvardagen vår har me ofte ikkje tid til å lytte til dyra, seier Anne Karin som trur at mange nyttar telepati med dyr i kvardagen, utan at dei tenkjer på det.

– Du kallar det kanskje magekjensle, men eg trur det er dyret som sender signal til deg. Dyra sender nok signal til oss heile tida, men dei fleste skjørnar dei ikkje.

#### Søk etter dyr

Ho nyttar også kunnskapen sin til å finne sakna dyr. Ein gong fann ho ein jakthund som hadde vore borte i 14 dagar.

– Men det er utruleg slitsamt, fortel ho. Arbeidet krev mykje



**Dyretolken:** Anne Karin Bjørke (t.v.) har snakka med nær alle dyra på garden til Solveig Holter. Spesielt hestane

energi. Dyra flytter på seg og det kan vere litt av eit puslespel. Då arbeider gjerne fleire dyretolkar i lag. Anne Karin har opplevd å forklare om landskap og terrenget ho aldri har vore i. Og seier forklaringane hennar ofte stemmer.

Dyretolken frå Geilo har hjelpt dyreeigarar over heile landet. Og vore mykke i Ål, Gol og Nesbyen.

– Og litt på Geilo, fortel ho. Nokre gonger er det enkle tiltak som skal til. Kanskje hunden er lei maten sin, har problem med nokre av kvardagsrutinane eller med noko eigaren gjer.

– Det kan jo vere ubehageleg for eigaren å høyre noko av det, men hovudsaka er å hjelpe dyret. Og dyra veit alltid på førehand at eg kjem. Dei gler seg til å få ei stemme. Anne Karin fortel at ofte har hestar problem med munnen.

– Eigarane nyttar ofte same bitt heile tida. Helst skal dei bytte på med tre forskjellige bitt så dei slepp ha same trykket i munnen kvar dag, seier ho. Salen kan det og vere fornuftig å bytte.

– Me menneske går jo heller ikkje i dei same kleda heile livet. Hest er nok det dyret eg tykkjer

mest synd på. Dei blir kjøpt og sett og mange av dei er livredde for dette. Og dei er livredde for å døy, fortel Anne Karin. Det rare er at dyra veit når dei skal døy – eller veit når eigaren tenkjer på dette.

– Me blir nok flinkare til å sjå på eigne dyr når Anne Karin har vore her, seier Solveig.

– Dyra her har det kjempegodt. Hadde eg vore hest, ville eg vore her, smilar Anne Karin.



LINE SANDVIK  
ls@hallingdolen.no

**«Dyrleggen  
finn det me  
kjerner  
på kroppen»**

Anne Karin Bjørke,  
dyretolk og healer

**Telepati**

■ Ordet kjem av dei greske orda tele og phatos, og kan omsetjast med fjernkjensle eller tanke-overføring.

■ Telepati er å få vite tankar og kjensle til nokon andre utan å nytte kjende sansar eller andre fysiske signalformar.

■ Telepati skal gå på tvers av nasjonalitet og art.



har ho fått eit nært forhold til.

### Taus kommunikasjon

Dyr kommuniserer via lydar, lukt, kroppsspråk og telepati kan me lese på Sissel Grana sin heimeside [www.sigra.no](http://www.sigra.no). Dei tre første tek me som sjølv sagt. At kattar mjauar eller fresar og viftar med halen kan me tolke som at no er den i ulage eller kanskje sint, avhengig av graden. Dyr kan og gjespe, blunke, snu seg vekk, gå sakte og meir - dette er også språk. Eller den legg att lukta si så andre dyr kan lese avisa».

Telepati-delen er kanskje vanskelegare å tru på. Ein må nesten oppleve det sjølv. Grana skriv at dyr kommuniserer via bilet og kjensle. Ho meiner me alle kan trenre på å motta og sende slik informasjon og har starta ein toårig skule for utdanning av dyretolkar. Å oppfatte tankar, sinnsstemning eller opplevelingar kan og fungere over avstandar.

(Kjelde: [www.sigra.no](http://www.sigra.no))

## Frå gjesteboka på heimesida til [www.dyretolkhealeren.no](http://www.dyretolkhealeren.no):

«Hei, Anne Karin. Tusen takk for all hjelp. Shetland Sheepdogen vår, Ginny, hadde fått dødsdommen frå dyrlegane. Ho hadde total leversvikt og kunne døy når som helst. Så fekk eg høre om deg og da tok historia en anna vending. Du snakka med Ginny slik at ho kunne formidle kva ho ville ha å ete, og det VIRKA. Då hadde Ginny nesten ikkje ete på over to månader. Etter at du og

har heala henne fleire gonger er Ginny heilt seg sjølv att».

«Vil si hjarteleg takk for tolking av hunden vår, og også for heklinga av Aron. Det stemte jo alt du hadde fått inn frå han. Og det vart i det hele tatt litt morosamt også å høre kva han formidla. No jobbar me vidare ut frå råda me har fått av deg, og det ser ut til å hjelpe».

«Hei hei! Må bare få si tusen takk så langt. Er like spennande kvar gong eg høyrer frå deg om vår fantastiske Lucky. Det stemmer. Litt skremmande det dykk pratar om. Du gjer ein fantastisk jobb».

«Hei! Takk for tolkinga av hesten. Det var spennande å sjå kor mykke som faktisk stemte»



Healer: Anne Karin har og nyttet sine healande evner på dyra.



Skipskatten: Katten Tøffel var heilt klart bestemt for å kome til garden i Kvinnegardslia. Det kjende Anne Karin på seg.

## Skeptikar vart overraska

Dyretolken gav informasjon ho ikkje kunne vite noko om.

Målfrid Bergaplass i Ål var i utspringspunktet skeptisk til dyretolk, men gav etter då døtrene ville at Anne Karin skulle kome og snakke med deira dyr. Eldstedottera fekk vite ein del om hesten sin. Hunden Teddy fortalte, gjennom Anne Karin, litt om kvar enkelt familiemedlem. Mellom anna «fortalte» hunden at yngstedottera og hunden låg i ein slags uttrekkbar sofa med masse puter og koste seg. Dette stemmer.

- Det er ein slags uttrekkstol som yngstedottera og Teddy nokre gonger sov i om natta, fortel Målfrid. Dette rommet hadde ikkje Anne Karin vore i.

Dyretolken tok seg også ein prat med Teddy om problemet han hadde med å springe etter og «ta» lastebilar. Noko som nær hadde resultert i ein påkørsel ein gong.

- Og etter At Anne Karin har «teke ein prat» med Teddy, så er han ekstra ivrig etter å snuse i grøftekanten når det kjem lastebilar, ler Målfrid overraska. Hunden har rett og slett endra oppførsel.

Målfrid fekk og merke Anne Karin sine healande evner. Då dei var hjå hesten, klarte han å tråkke på Målfrid ganske kraftig. Litt seinare sa Anne Karin at ho så Målfrid hadde vondt og spurte om ho kunne heale foten - som viste seg å vere kraftig hoven og blå.

- Dagen etter var det ingen heving og ingen blåmerke.